



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Barn som hamnar i skuggen av andre.

Children who end up in the shadow of other children

Kandidatnummer: 204

Fullt namn: Ingeborg Vik

BLU3-1006

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Dag Skram

07.januar.2021

Forord:

Denne oppgåva er skriven i forbindelse med avsluttande skulegang på barnehagelærerutdanninga. Det har vore tre krevjande år med spenning, læring, utfordringar, motivasjon og ikkje minst mykje ny kunnskap. Gjennom dei tre åra på høgskulen, har vi vore gjennom temaet spesialpedagogikk. Dette temaet opplevde eg som spennande og hadde av den grunn lyst til å søkje endå meir kunnskap om emnet. Av den grunn danna temaet for bacheloroppgåva seg.

Eg vil difor takke min fantastiske rettleiar, som tilhøyrar Høgskulen på Vestlandet Dag Skram. Gjennom si rettleiing har han bidrege med inspirasjon, vist engasjement for oppgåva, noko som har ført til auka motivasjon gjennom skriveprosessen. I tillegg har han bidrege med relevant litteratur, noko som har gjort prosessen enklare.

Eg vil takke min kjære pappa for hjelp til å lese gjennom oppgåva, hatt tolmodigheit og komme med konstruktiv kritikk og gode samtaler om oppgåva. Eg vil også takka medstudentar for eit godt samarbeid gjennom skriveprosessen, der vi har brukt diskusjon om ulike tema og utfordringar som eit nyttig verktøy. Tusen takk!

Tilsutt vil eg også takke informantane som stilte opp på intervju. De har alle bidrege til god refleksjon, kritisk tenking og motivasjon. Alle har vore til stor hjelp.

Samandrag

Denne bacheloroppgåva tar for seg korleis ein barnehagelærer kan arbeide for å skape ein betre kvardag for «usynlege» og utrygge barn i barnehagen. Oppgåva innhentar informasjon frå ulike barnehagar og tre ulike personar i forskjellige stillingar. Gjennom empiri og drøfting blir oppgåva si problemstilling undersøkt. Den lyder som følger:

«Korleis kan ein barnehagelærer arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?»

For å innhente informasjon frå dei ulike informantane blei det brukt kvalitativ metode. Det blei brukt kvalitativ metode av den grunn at jobben rundt dei «usynlege» og utrygge barna ofte er personlege betinga. Samstundes fører denne metoden til at ein kjem djupare ned i informantens arbeid og får ei breiare forståing. Gjennom empiri og drøftinga i oppgåve kjem det fram at ein barnehagelærar har ei viktig oppgåve i høve til dei «usynlege» og utrygge barna i barnehagen.

Oppgåvas konklusjon påpeikar at det er variasjon for korleis ein jobbar i høve desse barna, både ved tankeverksemd, arbeidsmetodar og utføring. Samstundes visar konklusjonen at tiltaka som finn stad i barnehagen syner til likskap, der barnehagane fokuserer på tilrettelegging for enkeltbarn, tryggleik og det å vere tilstades. Det blir vist til at desse faktorane er med på å bidra at «usynlege» og utrygge barn opplev barnehagekvardagen som positiv.

Innholdsliste

1.0 INNLEIING:	1
1.2 VAL AV TEMA	1
1.2 PROBLEMSTILLING.....	1
1.3 AVGRENSING	1
1.4 SENTRALE OMGREP	2
2.0 TEORI	3
2.1 «USYNLEGE» OG UTRYGGE BARN.....	3
2.2 ERKJENNE OG ANERKJENNE.....	4
2.3 INNAGERANDE ÅTFERD	4
2.4 BARNES SJØLVOPPFATNING	5
2.5 KOMPETANSE, TRYGGLEIKSIRKELEN OG TOLERANSEVINDAUGE	6
2.6 NÆRLEIKSETIKKEN.....	7
2.7 RELASJONENS BETYDING.....	8
3.0 METODE.....	9
3.1 MITT VAL AV METODE	9
3.2 VAL AV INFORMANTAR	9
3.3 FØREBUING OG GJENNOMFØRING AV INTERVJU.....	10
3.4 TRANSKRIBERE	11
3.5 KRITIKK AV METODEVAL.....	11
3.6 ETISKE OMSYN	12
4.0 EMPIRI OG DRØFTING.....	13
4.1 KVEN ER DEI «USYNLEGE» OG UTRYGGE?	13
4.2 RELASJONEN	15
4.3 TILNÆRMING OG INDIVIDUALITET.....	16
4.4 NEGATIV TILNÆRMING	17
4.5 TILTAKSVERKTØY	18
5.0 AVSLUTNING	19
LITTERATURLISTE:	22
VEDLEGG 1: INFORMASJON OM DELTAKING I HØVE BACHELOROPPGÅVE	24
VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE	25

1.0 Innleiing:

I denne bacheloroppgåva skal tema kring dei «usynlege» og utrygge barna i barnehagen bli belyst, samt korleis desse barna blir møtt av personalet i barnehagen og kva for tiltak som blir gjort. Dette blir belyst gjennom teori, drøfting og intervju. Alle barn er ulike og alle barn har ei ulik oppleving av sin eigen kvardag i barnehagen. «Usynlege» og utrygge barn viser til eit fellestrekk der dei følar på einsemd, det å ikkje høyre til og vere aleine (Gjertsen, 2013, s.16). Desse kjenslene berer barna med seg og barnehagen kan av den grunn opplevast som ein utrygg stad i vere. Ein barnehagelærarar har av den grunn ei viktig oppgåve. Erfaringar gjort i barnehagen viser til ei oppleving der «usynlege» og utrygge barna ofte hamnar i skuggen av andre barn, medan andre gongar blei dei representert som «problembarn». Eg vil av den grunn undersøke dette ute i barnehagen for å sjå om barnehagelærarane er bevisst i sine handlingar og språk i høve til dei «usynlege» og utrygge barna. Rammeplanen legg også fram «*I barnehagen skal alle barn oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte de har behov for*» (Kunnskapsdepartementet, 2018, s.16)

1.2 Val av tema

Bakgrunnen for mitt val av tema stammar frå ei genuin interesse for desse barna og korleis barna blir behandla gjennom kvardagen i barnehagen. Eg har alltid vore kritisk, reflekterande og spørjande til *kvifor* barna har blitt sett i skuggen av andre, samt blitt omtalt som utfordrande i høve til at dei er utrygge. I rammeplanen for barnehagen kjem de fram at barnehagen skal «*...møte individets behov for omsorg trygghet, tilhørighet og annerkjennelse...*» (Kunnskapsdepartementet, 2018, s.10).

Gjennom praksis i skule og barnehage har eg observert ulike tilnæringsprosessar i høve til å skape ein betre kvardag for desse barna. Tilnæringsprosessane og dei ulike tiltaka som vart sett i gang bar preg av urettferdigheit, straff og uprofesjonalitet blant personalet.

På grunn av dette er dei «usynlege» og utrygge barna eit viktig tema å ta opp. Dette for at både eg og andre skal kunne tenkje annleis, etisk, kritisk og reflektere rundt handlingsemna til dei tilsette som jobbar med desse barna. Vidare for å kunne danne seg ny kunnskap om korleis ein kan arbeide for at desse barna skal få ein betre barnehagekvardag.

1.2 Problemstilling

Bacheloroppgåva har følgjande problemstilling:

«*Korleis kan ein barnehagelærar arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?*»

1.3 Avgrensing

Gjennom prosessen mot val av problemstilling, tenkte eg både for vanskeleg og bredt. Eg hadde som utgangspunkt å skrive om dei «utfordrande» barna, og tilnærminga i høve desse barna. Etter at eg hadde lest

meg opp på stoffet fant eg fort ut at dette var eit veldig breidt tema der ein måtte dra mange parallellar og eg måtte forholde meg til ulike syn. Den opphavlege problemstillinga var dermed: «*Korleis kan ein barnehagelærer arbeide med dei utfordrande barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?*». Problemstillinga blei for brei, og eg valte av den grunn å konkretisere den endå meir inn mot dei «usynlege» og utrygge barna for å kunne gå djupare inn i stoffet.

1.4 Sentrale omgrep

Dette underkapittelet har sin hensikt å vise til betydinga av gjentatt ord som blir brukt gjennom oppgåva.

Eit sentralt omgrep gjennom teksten er barnehagelærarar. Ved empiri og drøftingsdelen benytta eg meg av ordet informant, han/ho og tilsett. Ein barnehagelærarar er ofte tilsett i ei stilling som pedagogisk leiar og har av den grunn ansvarsområde for korleis ein skal tilrettelegge kvardagen for barn.

Relasjon er eit sentralt omgrep gjennom heile oppgåve. Relasjon har betyding om kva forhold ein har til eit barn og korleis ein vel å møte barnet. Måten vi går inn i ein relasjon på vil ha betyding for korleis kvardagen til eit barn vil vere i barnehagen (Kingen, 2015, ss.18-19)

Ved ordet åtferd tenkjer eg på barnets mønster opp mot korleis dei reagerarar i ulike samanhengar. Ordet åtferd har også betyding for korleis ein barnehagelærer eller andre vaksne går inn i ein relasjon med eit barn.

2.0 Teori

Dette kapittelet tar for seg relevant teori opp mot mitt tema i oppgåva. Eg har valt å dele kapittelet inn i sju delar: Usynlege og utrygge barn, innagerande åtferd, erkjenne og anerkjenne, barns sjølvopfatning, kompetanse, tryggleiksirkelen og toleransevindaug, nærleiksetikken og relasjonens betydning.

2.1 «Usynlege» og utrygge barn

«Ikke bli sett, ikke bekrefte, ikke anerkjent, ikke verdsatt, ikke føle tilhørighet, ikke være inkludert, ikke tilhøre et fellesskap, føle seg forlatt, være alene, være ensom, være marginalisert, være isolert, være sosialt ekskludert» (Gjertsen, 2013, s.16). Slik beskriv personar som er omtalt i boka til Per- Åge Gjertsen usynleg gjering. Synleggjering og usynleg gjering viser til kjensler eit barn har gjennom sosiale samanhengar med andre menneske. Sosialfilosofen Axel Honneth legg fram at ein kan dele omgrepet usynleg inn i to hovudkategoriar. Honneth legg fram at ei form for usynleg gjering er når eit barn i røyndomen ikkje blir sett. Usynleg gjering kan også omtalast som sosialt usynleg der barnet blir observert i fysisk forstand, men personen overser barnet (Honneth, 2003, ref. I Gjertsen, 2013, s.16).

Fenomenologien tilseier at alle menneske opplever eit fenomen ulikt. Betydinga av korleis eit menneske opplever andre stammar frå individets sosiale, materielle og kulturelle bakgrunn (Gjertsen, 2013, s.62). At menneske tilhøyre ulike plassar i verda, betyr at ein vil oppleve eit fenomen ulikt. Av den grunn vil dette få betydning for korleis ein observerer barn. «Usynlege» barn er ikkje sett eller observert av fleirtalet, men nokre få (Gjertsen, 2013, s.62). Innanfor psykologien finn ein *Matheuseffekten*. «*Den som har mye skal få mye. Den som ikke har så mye skal få mindre*» (Rasmussen, 2009). I praksis betyr det at dei «usynlege» og utrygge barna som er sårbare får lite omsorg. Dette kan komme av at åtferda til barna er aggressiv eller at barna er innagerande (Rasmussen, 2009).

At eit barn er utrygt kjenneteiknast ved tristheit over lengre periodar, ikkje kontaktsøkjande, dårleg motorisk og språkleg emne, rastløyse, uroleg, gret ofte, eter og søv dårleg (Rasmussen, 2009). Tilknytingsprosessen i barnehagen er med på å setje grunnmuren for tryggleikskjensla til eit barn i barnehagen. I følge Bowlbys blir eit barn født med ein biologisk kapasitet i høve sine omsorgspersonar som er mor eller far. I tillegg legg han fram at eit barn er utvikla for å kunne knyte seg følelsmessig (Bowlbys, 1996, ref. I Haugen, 2015, s.127).

Mary Ainsworth gjorde saman med sine medarbeidarar undersøkingar knytt til Bowlbys teori innan tilknytning. Gjennom denne undersøkinga plasserte Ainsworth barna i ulike kategoriar i høve til kva for tilknytning dei gav uttrykk for (Ainsworth, 1972, ref. I Haugen, 2015, s.128). Ainsworths undersøkingar gjort med barn som viser ein utrygg, engsteleg eller usikker tilknytning, viste til to ulike reaksjonsmønster: Den eine barnegruppa hadde eit tilknytingsmønster der barnet var akseptierende når omsorgspersonen gjekk ut av rommet samt at barnet sjølv var naturleg i sin oppførsel når omsorgspersonen kom tilbake. Den andre barnegruppa hadde eit reaksjonsmønster som gjekk ut på å vere avvikande og ignorerande. Dette forklarast ved at barnet har ei oppfatning av at omsorgspersonen skal gå frå barnet (Ainsworth, 1972, ref. I Haugen,

2015, s.128). Omsorgspersonane til barna med utrygg tilknytning hadde felles kjenneteikn. Dei er ufølsame i forhold til barna sine signal, dei er inkonsekvante, dei gjev lite kroppskontakt og dei er avvisande. I følge Ainsworth er det foreldra sitt nærvær under barndommen som er hovudfaktoren for utrygg tilknytning (Ainsworth, 1972, ref. I Haugen, 2015, s.130).

2.2 Erkjenne og anerkjenne

Skilnaden mellom eit synleg og «usynleg» barn kjem til syne gjennom erkjenning og anerkjenning. Ved å erkjenne eit barn har ein observert og sett det. Derimot anerkjenner ein eit barn ved å vise med handling at eit barn er sett (Gjertsen, 2013, s.16). Menneske har eit genuint behov for å bli sett. Funksjonsnedsetting og spesielle vanskar bidrar til at ein ikkje ser på eit barn som heilskap. Dette er med på å skape ei førestilling om individet. Eit barn i barnehagen blir sett ved at ein viser det med handling uavhengig av moglegheit og begrensingar barnet har (Mørland, 2014, s.86). Barnehagen byggjer på ein ideologi om likeverd og som barnehagelærar har ein ei sentral oppgåve om å følgje dette (Kunnskapsdepartementet, 2011) . Barn har eit behov for å bli sett av ein vaksen person. Likeeins av sine jamaldringar i barnehagen.

Ytterhus gjorde ein undersøking i 2002 der ho tok for seg barns kategoriar av andre barn. Undersøkinga viste til at barna ikkje var oppteken av dei andre barnas fysiske eller psykiske forutsetningar. Derimot benytta dei seg av kategoriane «*dei snille barna*» og «*dei rare barna*». Det er viktig for eit barn å oppleve både seg sjølv og andre uavhengig av forutsetningar. Dette gir signal om likeverd slik at alle blir både observert og sett (Ytterhus, 2002 ref. I Mørland, 2014, s.86)

2.3 Innagerande åtferd

Barn kan oppleve sjenanse og einsemd gjennom oppveksten. Dette kan medføre åtferdsproblem for barnet sjølv, vener og familien gjennom sosiale samanhengar. Opplevingar blir ikkje sett ord på, stemma blir ikkje brukt og blick mot andre opplevast som vanskeleg. Desse barna blir dermed utrygge og «usynlege» (Gjertsen, 2013, s.162). Barn med slike vanskar koplaster opp mot sosiale og emosjonelle utfordringar, noko ein kategoriserer som åtferdsproblem. Desse kan delast inn i innagerande og utagerande åtferd eller internalisert og eksternalisert åtferd (Gjertsen, 2013, s.162).

Ingrid Lund definerer innagerande atferd slik:

«Innagerende atferd er en benevnelse på en atferd der følelser, opplevelser og tanker holdes og vendes innover mot en selv. Uttrykk som kommuniseres, kan være sårbar, avvisende, deprimert, tilbaketrukket, angst og usikkerhet (Lund, 2012, s.27).

Den innagerande åtferda hjå barn har ulike kjenneteikn. Desse kjenneteikna kan vere at barna er usikker samt at ein har nevrotiske trekk. Barna er bekymrande i høve oppførsel og viser ubehag ved nye sosiale situasjonar, i tillegg er kjensla av å vere trist sentralt. Innagerande åtferd vil også ha betydning for sjølvoppfatninga til barnet der einsemd og isolering er vanleg. Tilknytning til andre menneske og barn er vanskeleg. Barna har lite samspel med andre og inviterer seg sjeldan med i lek (Gjertsen, 2013, s.162). Ingrid Lund legg fram at 4- 20% av barna i alderen 4- 18 år har ein innagerande åtferd (Lund, 2012).

Lund legg fram fire ulike dimensjonar i høve innagerande åtferd. Lund namngir desse: den naturlege (den fysiske eller biologiske) dimensjonen, den sosiale dimensjonen, den personlege dimensjonen og den åndelege dimensjonen (Gjertsen, 2013, ss.164-165). Slik det er nemnd tidlegare, kjenneteiknast den innagerande åtferda med usikkerheit, nevrotiske trekk og at barnet viser ubehag ved ulike sosiale samanhengar. Den naturlege dimensjonen legg til grunn at barnet oppfattar sitt eige sjølvbilete som negativt der barnet tolkar situasjonen som at «ingen vil vere venn med meg». Måten barnet vel å oppføra seg på i form av språk, kroppsspråk og motorikk er eit resultat av blick frå andre. Barnets måte å reagera på kan medføre ignorering eller omsorg frå andre (Gjertsen, 2013, s.165).

Vennskap, nærleik og tilknytning er viktig for eit barn. Dei fleste barn opplever vennskap gjennom barndommen der ein har ein nær relasjon til kvarande. Dette er noko som skapar glede for eit barn. Det motsette innanfor den sosiale dimensjonen i høve vennskap, viser til omgrepa inkludering og ignorering. Dei utrygge og «usynlege» barna føler på eit behov for å vere aleine samtidig som dei har eit sosialt behov der dei vil vere ein del av ei gruppe (Gjertsen, 2013, s.165). Sentralt for den sosiale dimensjonen er følinga av å vere sårbar, skuffa, trist samstundes som dei kan føle på meistring og lykke. «Usynlege» og utrygge barn kan ha vanskar med å handtere dette aleine, og treng ofte hjelp av vaksne (Gjertsen, 2013, s.165).

«De innagerende barna danner seg et bilde av seg selv som er dominert av dialogen mellom det innagerende jeg og det innagerende meg» (Gjertsen, 2013, s.165). Prosessen ved den personelege dimensjonen skjer ved handling og erfaring. Barnet sitt sjølvbilete blir danna gjennom andre barn sine auge. Av den grunn blir handlingane til barna styrt gjennom kva barnet trur dei andre meina er riktig eller galt. Personane rundt barnet blir såleis ein del av barnets eigen individuelle sjølvforståing. Her står omgrepa einsam og usynlege som sentralt (Gjertsen, 2013, s.165). Tausheit for eigne verbale meiningar medfører at barna gjennom sjølvstendige sosiale samanhengar har få ord noko, som vil medføre at barnet slit med kommunikasjonsmønsteret.

For eit barn er det viktig å ha kontroll på den sosiale og personlege dimensjonen for at ein kan ta for seg den åndelege dimensjonen. I den åndelege dimensjonen er tankane eit nyttig verktøy. Barnet sin plass i verda, handlingar og ulike tankar som ein gjer seg opp er sentralt (Gjertsen, 2013, s.166). Barnets meiningar blir skapt gjennom påverking, denne påverkinga kjem gjennom handlingar frå vaksne, ulik stemning og blick (Gjertsen, 2013, s.166). Den innagerande åtferda kan medføre at barnet kjem i ubalanse. Vaksen blir eit verktøy for barnet der rettleiing inn mot tankane er nødvendig.

2.4 Barns sjølvoppfatning

Observasjon er eit pedagogisk verktøy som blir brukt i barnehagen. Observasjon er viktig for at ein skal kunne skape forståing ovanfor barnets åtferd. Det handlar i praksis om kva den enkelte ser og oppfattar. Observasjon som vi gjer, blir danna gjennom våre tidlegare erfaringar. Erfaringane som vi har gjort oss er dermed med på å tolke situasjonen vi observerer (Postholm, 2004, ref. I Postholm, 2005). Barn observerer seg sjølv gjennom andre. Dei tolkar korleis andre reagera på deira språk og handlingar. Teorien innanfor symbolsk interaksjon tar føre seg utviklinga til barnet gjennom samspel med andre. Interaksjon kan

beskrivast som: «*Det er et begrep for mellommenneskelig samspill, som er en foutsatning for menneskets utvikling av bevissthet*» (Gjertsen, 2013, s.24)

Georg Herbert Mead legg fram at eit menneske sine handlingar er ein prosess som heng saman. Denne prosessen består av refleksjon, handling og respons (Mead, 1934, 2005, ref. I Gjertsen, 2013, s.24)

Barn som er utrygge i eigen posisjon og «usynlege», vil ikkje skape positiv og undrande refleksjon kring seg sjølv, eigen åtferd og handlingar (Gjertsen, 2013, s.25). Eit menneske utfører ei handling, vurderer handlinga og til slutt reflekterer ein over responsen som andre gir. Summen av dette gir mennesket meinig med handlinga ein utførte (Gjertsen, 2013, s.24). Det er gjennom eigen oppfatning, parallelt med andre, at ein dannar eit bilete av seg sjølv som person.

Eit barns sjølvoppfatning blir danna når eit barn opplever seg sjølv både med armar og bein som står i forskjell med andre. Carl Rogers definerer omgrepet «*en form for viten eller oppfatning som personen har om seg selv og de relasjonene personen har til andre mennesker og til ulike aspekter ved livet*» Rogers, 1959, ref. I Haugen, 2015, s.132). Mead og Rogers brukar «Eg»- «Meg» beskrivinga ved sjølvoppfatning (Mead, 1934, ref. I Hugen, 2015, s.133). Barnet brukar eins eigen kunnskap om seg sjølv til å oppfatte korleis dei er i ein relasjon med andre eller omgivnaden. Ein kan definere sjølvoppfatninga til eit barn gjennom tre ulike dimensjonar «*den viten barnet har om seg selv, den vurdering barnet gjør av seg selv, den forventning barnet har til seg selv*» (Haugen, 2015, s.134).

Gjennom barnets utvikling gjer dei seg opp ulike erfaringar knytt til eiga sjølvoppfatning. Erfaringar gjort med føresette og søsken er dei barna hugsar best. Når eit barn utforskar leikeverda, blir dei oppmerksom på tiltalen dei får frå omsorgspersonane og det er desse som dannar grunnlaget for barnets sjølvvurdering (Haugen, 2015, s.134). Etterkvart som barnet utviklar seg, vil det skape ei forventning i forhold til gjennomføring. Etterkvart vil barnet bruke eiga meistring for å danne si eiga sjølvakseptering (Haugen, 2015, s.135).

Sjølvoppfatning, sjølvvurdering og sjølvakseptering er sentrale punkt som ein barnehagelærarar må ta utgangspunkt i ved utviklinga til barnet. Barn er store delar av dagen i barnehagen, og av den grunn vil dette vere eit viktig faktum i høve til dei utrygge og «usynlege» barna som allereie har mangel på dette området.

2.5 Kompetanse, tryggleiksirkelen og toleransevindaug

Barnehagen har ei viktig rolle knytt til barns utvikling av sosial kompetanse. Tom Igran og Gerd Grimsæth legg vekt på utfordringar ved kompetanse på ulike områder. Ved at barnehagen og skulen har lite fokus på kompetanseheving innanfor ulike åtferdsproblem, kan personelet reagere med å trekkje seg vekk frå situasjonen i staden for å utføre eit pedagogiske arbeid (Foldnes, Grimsæth og Irgan, 2018, ss. 312-313). Undersøkinga gjort av Vibeke Foldnes, Gerd Grimsæth og Tom Irgan tar for seg 31 informantar og deira tilrettelegging for barns sosiale utvikling samt handtering av utfordrande åtferd. Resultata av denne undersøkinga viser til at barnehagen nyttar seg av leik i små barnegrupper, har samtalar, utførar rolleleik,

retteleing der ein set ord på handling og dramatisering (Foldnes, et al, s.318). Eit anna resultat som kom fram gjennom undersøkinga til Foldnes, Grmsæth og Irgan, var tiltak i høve ulike program, verktøy og modellar. Resultatet viser til 13 forskjellige program, verktøy og modellar som ein benytta seg av i skule og barnehagesektoren (Foldnes, et al, 2018, s. 318). Informantane frå barnehagen legg blant anna fram verktøyet: Tryggleiksirkelen (Foldnes, et al, 2018, s. 318).

Tryggleiksirkelen har blitt forma ut i frå forskning omkring temaet tilknytning, og den tar for seg dei grunnleggjande behova til eit barn (Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad, 2017, s.18). Tryggleiksirkelen består av trygg base, trygg hamn, fyll kroppen min og utforsk min verden. Sirkelen tar for seg barnets tilknytingsbehov. Trygg base representerar barnets tryggleik der nærleik og omsorg er sentralt (Brandzæg, et al, 2017, s.18). At eit barn søker denne plassen i sirkelen kan stamme frå at barnet er engsteleg, sliten eller treng stadfesting og nærleik frå ein vaksen. Ved dette beveger ein seg bortover i sirkelen til «fyll kroppen min» og barna opplever kjenslemessig styrking (Brandzæg, et al, 2017, s.18). Den øvste delen av sirkelen er «utforsk min verden», og her er utforsking og sjølvstendigheit sentralt. Handa som representerer «trygg base» er med på å styrkje barnet si utforsking, og barnet beveger seg rundt om i sirkelen kort og raskt. Eit barn beveger seg raskt opp til utforskinga i sirkelen, men beveger seg like raskt ned igjen til tilknytningbehovet for påfyll av tryggleik og nærleik (Brandzæg, et al, 2017, s.19).

Toleransevindauget er eit verktøy ein kan knyte saman med tryggleiksirkelen i høve til å forstå dei «usynlege» og utrygge barna. Toleransevindauget vert påverka av ein persons kontekst, personegheit og emosjonar (Siegel, 2012, ref. I Kvello, 2018, s.303). Toleransevindauget til eit barn vil naturleg vere mindre enn vaksne sitt. Omsorgspersonane til eit barn er med på å utvikle toleransevindauget gjennom regulering og samregulering. Dette vil støtte opp under barnas sjølvregulering samtidig som barna utviklar måtar å vere innanfor sitt toleransevindauge og igjen utvikle sitt eige spenn (Kogan og Carter, 1996, ref. I Kvello, 2018, s.303). Toleransevindauget kan beskrivast ved «*betegner det spennet av aktivering som er optimalt for personen, det vil ikke si for høyt, ei heller for lavt*» (Siegel, 2012, ref. I Kvello, 2018, s.303).

2.6 Nærleiksetikken

Knud E. Løgstrup og Emmanuel Levinas har hatt betydning for nærleiksetikkens forankring. Nærleiksetikken set også sine fellestrekk opp mot Immanuel Kant sin etikk. Det sentrale i nærleiksetikken er eg – du forholdet. Løgstrup og Levinas legg vekt på det etiske ansvaret ved eg- du forholdet eller ved Den Andres Ansikt (Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, s.51). Zygmunt Baumann refererer omgrepet *Closness* i høve nærleiksetikken (Jodalen og Vetlesen, 1997, ref. I Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, s.51).

Løgstrup omtalar omgrepet *den etiske forandring*. Med dette meiner han den individuelle sitt ansvar i møte med den andre (Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, s.51). Ein kvar vil møte på ulike relasjonar og ein avhengigheit i forhold til kvarandre. Gjennom relasjonane i møte med andre, drar ein i mot den *etiske forandring*. Ein er oppteken av den andre og viser interesse for Den Andres Ansikt (Eidhamar og Leer-

Salversen, 2017, s.52). I barnehagen står ein i relasjon til andre kvar dag og *Den etiske forandring* finn stad i barnehagen.

Løgstrups meiner at eit barn er født med ein form for tillit til verden og menneska rundt. Mistilliten til eit barn blir av den grunn danna ved negative erfaringar. Barnehagelæraren har ei viktig oppgåve i høve dette. Ein barnehagelærer har sjølv positive og negative opplevingar i høve tillit til andre vaksne. Ein tenkjar over vaksne som har vore trufaste i relasjonen, men også vaksne som har svikta (Eiderhamar og Leer- Salversen, 2017, s.54). Dette er viktig kunnskap som er nødvendig å ta med i arbeidet hjå barna, då spesielt retta mot dei «usynlege» og utrygge barna. Ved at vaksne i barnehagen er oppteken av Den Andres Ansikt, er det med på å skape eit sterkare relasjonsforhold til barn med eit negativt syn på tillit. Barnet står i eit avhengigheitsforhold til barnehagelæraren, og gjennom erfaringar får barnet oppleve tillit og mistillit. I Eidhamar og Leer- Salversen sine refleksjonar kring Den Andres Ansikt legg dei vekt på at barn vil oppleve å bli sett av andre (s.55), dette er noko som er viktig for dei «usynlege» og utrygge barna i barnehagen.

2.7 Relasjonens betydning

Relasjonsbygging innad i barnehagen er eit sentralt verktøy. Når eit barn er utfordrande i si åtferd, er den vaksne sine reaksjonsmønster eit fokusområde. Reaksjonsmønsteret innanfor haldningar og handlingar vil ha ei direkte påverkingskraft i høve barnet. Dette i forhold til korleis eit barn vil reagere i høve vaksne og barn (Kinge, 2015, s.18). Åtferda til «usynlege» og utrygge barn kan opplevast som utfordrande. Einsidig merksemd i form av korrigering, belønning eller straff med fokus mot barnets åtferd og reaksjonsmønster, har betydning for barnets relasjon i høve til vaksne (Kinge, 2015, s.18).

Einsidig merksemd vil kunne påverke barnets følelsesmessige situasjon. Tiltaka i høve barnets åtferdsregulering, er med på å gi signal om at eigen åtferd ikkje er god nok. Dette vil vere med på å påverke sjølvfølelsen til barnet samt følelsar innanfor einsemd blir påverka (Kinge, 2015, s.18). Bak ei kvar handling og åtferd er det eit barn. Nysgjerrigheit og openheit bidrar til reflekterande tankeverksemd, som bidrar til refleksjon over barnets åtferd. Her er kommunikasjonens tydelegheit eit viktig faktum (Kinge, 2015, ss.18-19).

Empatisk tilnærming har ei betydning om at ein set seg inn i barnets følelsesmessige spekter og reflekterer kring verda gjennom deira auge (Kinge, 2015, s.20). Her er barnets tankar, følelsar og ord i sentrum. «Usynlege» og utrygge barn blir knytt til manglande sosial kompetanse, dette blir vidare forklart med at dei er fråverande i høve empati. Empati omgrepet blir omtalt som «*en kvalitet vi går inn og ut av!*» (Kinge, 2015, s.20). «Usynlege» og utrygge barn føler på kjensler som redsel og bekymringar. Av den grunn vil deira empati reduserast i desse situasjonane. Desse barna er ikkje i nærkontakt med eigne individuelle følelsar, og av den grunn har dei ikkje kontroll på kva som skjer i møte med andre menneske. Ein må skape kjennskap og forståing i høve seg sjølv, for å skape forståing for andre (Kinge, 2015, s.21). Ein barnehagelæra har ei viktig oppgåve i høve dette, for å skape ein god relasjon til barna.

3.0 Metode

Sosiologen Vilhelm Aubert siterer metode som «*En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metode*» (Abuert, 1985, ref i Dalland, 2017, s.51). Metode er eit verktøy som blir nytta i høve til å skaffe seg nødvendig informasjon eller for å prøve ut kunnskapen. Metode er dermed eit val og ein veg ein tar for å komme seg til eit gitt mål.

Ein skil mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Dette er metodar som gir oss eit ulikt innblikk gjennom undersøking. Kvantitativ metode er ein måte å undersøkje på der ein får målbare einingar. Dette er einingar som blir uttrykt i tal eller mengde. Dette er noko ein kallar harddata (Dalland, 2017, s.52). Kvalitativ metode er i motsetning ikkje målbare einingar og er det ein kallar for mjukdata. Forskjellen tar for seg prosessen der ein innhenta, analyserer og registrerer data (Dalland, 2017, s.52-53)

I dette kapittelet legg eg fram mitt val av metode. Eg går inn på intervjuform, val av informantar, førebuing og gjennomføring av intervju transkribering, samt kritisk tenking mot eige metode val og til slutt etiske omsyn.

3.1 Mitt val av metode

Gjennom prosessen mot problemstillinga fant eg tidleg ut av eg ville utføre kvalitativ metode. Dette grunna jobben rundt dei «usynlege» og utrygge barn ofte blir personleg betinga i høve til korleis dei vel å utføre det. Av den grunn vil det vere vanskeleg å måle dette gjennom tal og mengde.

Kvalitativ metode tar for seg følsemd, noko som gjer til at ein får eit breiare innblikk og gjentakning av situasjonar. Vidare går ein djupare inn i enkelt saker, noko som vil gje ei større forståing samt det særeigne kjem fram (Dalland, 2017, s.53).

Eksempel på slik informasjon kan vere korleis ein barnehagelærer vel å jobbe rundt dei «usynlege» og utrygge barna, kva for tiltak som blir satt i verk og korleis effekten av dette er. Dette er noko ein kan knytte opp mot mi problemstilling.

For å samle data, vil eg utføre intervju med ulike personar som en knytt til ulike stillingar. Dette for å gjere best mogleg undersøking innanfor feltet. Det å kunne føre ein samtale med andre menneske, er eit viktig reiskap. I ein samtale må ein kunne gå inn i situasjonen, forstå og bli forstått (Dalland, 2017, s.63).

Eit kvalitativ intervju blir omtalt som «*Intervjuet har som formål å innhente kvalitativ kunnskap, uttrykt med vanleg språk. Det forsøker ikke å kvalifisere*» (Dalland, 2017, s.68). Grunnen til at eg vel å utføre eit slikt intervju, er at ein går djupare inn i situasjonen til arbeidstakaren samt får ei breiare forståing. I tillegg vil det vere lettare å oppklare ulike spørsmål og unngå misstyding.

3.2 Val av informantar

Dalland (2017) siterer at «*ved å velge personer som du mener har bestemte kunnskaper eller erfaringer, gjør du et strategisk valg*» (Dalland, 2017, s.74). Eg hadde tidleg bestemt meg for at eg ville bruke to barehagar som eg hadde kjennskap til på ulike måtar. Gjennom mine tre år på barnehagelærerutdanning har eg

observert forskjellen i høve kvardagen til ein barnehagelærer og pedagogisk leiar. Ein pedagogisk leiar sin arbeidsdag er prega av andre arbeidsoppgåver, møter og felles koordinering med andre. Ein barnehagelærer er mindre vekke frå avdelinga og kan av den grunn opparbeide eit anna syn på arbeidet med dei «usynlege» og utrygge barna. På grunnlag av desse observasjonane, har eg vore bevisst i valet om å intervjuje ulike personar med forskjellig utdanning i høve barnehagelæreryrket. Dette for å skape ei breiare oversikt og samle kunnskap om arbeidet i høve desse barna. Anonymiteten til informantane er viktig, og eg har av den grunn valt å gi dei fiktive namn.

1. «Hanne» har barnehagelærerutdanning og vidareutdanning innanfor spesialpedagogikk og psykososialt arbeid. I dag jobbar ho som barnehagelærer. Før ho starta utdanninga hadde ho erfaring både frå skulen og barnehagen.
2. «Linn» har barnehagelærerutdanning og vidareutdanning innanfor spesialpedagogikk, IKT i barnehagen, rettleiing og filosofi med barn. I dag jobbar ho som pedagogisk leiar. Ho har alltid hatt interesse av barn og hatt erfaringar med dette før ho begynte på utdanninga.
3. «Marit» har barnehagelærarar utdanning og vidareutdanning innanfor leiing og HRM og vidare master i strategisk leiing. I dag jobbar ho som styrar. Ho har hatt mykje erfaring med barnehage både som barnehagelærer og pedagogisk leiar.

3.3 Førebuing og gjennomføring av intervju

Førebuing til intervju var noko eg la vekt på. Intervju skjer gjennom møte med andre. Både den som har intervju og den som blir intervjuar har ulike forventningar i forhold til prosessen, og dette er med på å setje sitt preg på det som skjer (Dalland, 2017, s.77). I forkant av intervjuet hadde eg utarbeida ein semistrukturert intervjuguide og eit informasjonsskriv (Dalland, 2020, s.68). Dette fekk informantane utdelt i forkant, og det gjorde både meg og dei meir forberedt på intervjuet. Informasjonsskrivet hadde informantane sin anonymitet som eit sentralt punkt. Eg hadde også tatt for meg ulike refleksjonar kring problemstillinga, slik at eg gjorde meg mentalt forberedt til å stille relevante spørsmål og få en drivkraft i intervjuet. Noko som eg opplevde viktig, var et ein må leggje vekk sine eigne tankar, synsvinklar og refleksjonar kring temaet før ein gjennomførte intervjuet. Dette for å oppfatte informantane sine synspunkt og sentrale punkt. Dette følte eg gjekk bra.

På grunn av Koronasituasjonen i Norge blei intervjuet noko annleis enn kva eg hadde sett føre meg. Under prosessen kom det nye retningslinjer, og barnehagane blei strengare i høve til kven dei tok inn på arbeidsplassen. For å skape tilrettelegging av eit så normalt intervju som mogleg, stilte eg spørsmål om intervju gjennom Skype eller telefon. Eg fekk gjennomført eitt intervju gjennom Skype, medan dei to andre blei gjennomført på e-post. Dette grunnast i at informantane sjølv hadde eit ønske om å gjennomføre

intervjuet på denne måten. For å oppklara intervjuet slik at det ikkje oppstod nokre missforståingar hadde eg kontakt med informantane der vi gjekk gjennom desse uklårleikane.

Intervjuet på Skype blei gjennomført der vi begge sat i to ulike rom der vi ikkje hadde noko forstyringsmoment. Vi hadde begge den semistrukturerte intervjuguiden framfor oss og informantane hadde i forkant fått spørsmåla for å vere meir forberedt. Eg byrja med å presentere oppgåva mi og gjekk vidare inn på problemstillinga der eg også fortalte om mi interesse for temaet. Eg la vekt på å fortelje informanten om sine rettar og krav på anonymitet og mi teieplikt (Dalland, 2017, s.77).

3.4 Transkribere

Transkribering av intervju opplevde eg som ein krevjande prosess. Dalland (2017) skriv at transkribering av eit intervju gir ein moglegheit til å oppleve det på ny. Han legg vidare vekt på at gjennom transkribering «*mister vi noe*» (Dalland, 2017, s.88). Observasjonar gjort om mimikk, kroppspråk eller stemma til informantane kjem ikkje fram via transkribering. Det eg opplevde som viktig var observasjon av informanten og notatbruk under intervjuet. Å skrive ned korleis informanten reagerte på ulike spørjemål, brukte stemma si til å understreke sentrale punkt og korleis ansiktsuttrykket forandra seg var viktig. Desse signala viste også til kor trygg informanten var i sine svar gjennom intervjuet.

På grunn av at eg måtte gjennomføre to intervju på e- post, blei det to ulike prosessar i høve til transkribering. Gjennom e-post kan ein ikkje observere informanten på same måte som gjennom eit intervju. For å understreke viktige poeng gjennom intervjuet, bad eg informantane utheve dette med *kursive*. Av den grunn kunne eg tolke informantane sine sentrale punkt.

Transkribering blei gjennomført i Word. For å sikre innhaldet i intervjuet, prøvde eg så godt det lot seg gjere å behalde mest mogleg av det som blei sagt under intervjuet. Når eg skulle overføre intervjuet frå munnleg til skriftleg språk, brukte eg store bokstavar for å signalisere viktige poeng som informanten la vekt på.

Intervjua som blei gjennomført på e-post blei transkribert gjennom Word. Her hadde informantane sjølv tatt kursiv på sentrale punkt. Jamført intervjuet på Skype, blei dei viktige punkta skriven med store bokstavar, (samt blei munnlege ord tatt vekk).

3.5 Kritikk av metodeval

For å oppnå best mogleg kvalitet på intervjuet, er det viktige at dette blir gjort på ein påliteleg måte, noko som tilseier at prosessen for å innhente informasjon skal være feilfri. Innanfor kommunikasjonsprosessen, lydopptak og transkribering kan det skje at intervjupersonen eller informantane misstolkar spørjemåla, og ein vil då redusere pålitelighetsgraden (Dalland, 2017, s 60).

Kvalitativ metode har sitt utgangspunkt i mjuke data i form av erfaringar, opplevingar og meiningar (Dalland, 2017, s.52). Ved å nytte seg av kvalitativ metode, er det alltid ein risiko for feilkjelder.

Informasjonen er bygd på informantens eigne subjektive opplevingar, meiningar og haldingar. Ein har ingen

kjelde å støtte seg på i høve til om informasjonen som blir gitt er basert på ærleg grunnlag. Samstundes vil mine forutsetningar som intervjuerson tolke informasjonen frå min ståstad. Dette kan påverke innhaldet i ein negativ retning.

Eg brukte refleksjon som verktøy for å reflektere rundt svara som blei gitt. Eg sette desse opp mot observasjon knytt til eiga problemstilling frå barnehagekvardagen. Om eg hadde nytta meg av observasjon frå barnehagekvardagen kombinert med intervju, hadde eg kanskje fått andre svar knytt til tematikken?

3.6 Etske omsyn

Etske vurderingar er viktige når ein innhentar informasjon, og av den grunn står personopplysningslova sentralt. Å setje seg inn i etske reglar er viktig for å kunne behandle denne informasjonen på ein god måte. Ein vil kunne møte på etske utfordringar og ved å setje seg inn i dei etske reglane, vil ein kunne handtere dette på ein betre og riktig måte. Dette stod sentralt i prosessen.

I forkant av intervju blei det sendt ut eit informasjonsskriv som tok for seg informantane sine rettar i høve til å trekkje seg frå prosessen og at deira anonymitet skal bli ivaretatt. Det blei og gitt ut informasjon der dei kunne kontakte både meg og rettleiar for eventuelle spørsmål. Det blei også lagt til at ein følgjer NSD - Norsk senter for forskingsdata - sine retningslinjer (Dalland, 2017, s.77). Å leggje vekt på etske forutsetningar, kan ha betydning for om informantane er villig til å utføre intervju. Ved å trygge informantane med at ein legg vekt på etske omsyn, kan dei oppleve det som ein tryggleik i forhold til jobben dei utførar. Opplysningar og informasjon i høve straumpost og lydopptak blei sletta i høve anonymitet og etske omsyn.

4.0 Empiri og drøfting

I denne delen av oppgåva skal eg gjerne greie for mine funn, frå intervjuet samt analysere og drøfte dei opp mot teorien som er lagt fram. Mine funn er representert gjennom fem kategoriar: «Kven er dei «usynlege» og utrygge?», «Relasjonen», «Tilnærming og individualitet», «Negativ tilnærming» og «Tiltaksverktøy»

Problemstilling: «*Korleis kan ein barnehagelærarar arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?*»

4.1 Kven er dei «usynlege» og utrygge?

Ved spørsmålet om kva informantane oppfattar som «usynlege» og utrygge barn, syner det seg ei lik oppfatning kring dette. Informantane hadde same beskriving i høve til at desse barna var stille, forsiktige, krev lite, ikkje lett å oppdage samt at dei trong stadfesting. Ein av informantane omtala det slik:

Usynlege barn treng ikkje vere utrygge, og utrygge barna treng ikkje vere usynlege, men eg tenkjer på stille og forsiktige barn som krev lite gjennom dagen, både av tilsette og av andre barn i barnehagen. Barn som skli gjennom dagen.

Dette er ein tolking som alle informantane la vekt på. Barn som gjer mindre ut av seg enn eit «normalt» barn. Informantane la vidare vekt på at slike barn ofte blir gløymde i forhold til andre barn som krev meir. Dei «usynlege» kjem av den grunn ofte i skuggen av andre. Ein av informantane sa følgande: «*Utrygge barn er ikkje alltid lett å oppdage, det krev at dei vaksne er pålogga og følgjer med*». Dette er eit av poenga i Matheuseffekten innanfor psykologien. Dei mest sårbare barna får minst omsorg (Rasmussen 2009)

Sosialfilosofen Axel Honneth seier at ein er «usynlege» ved at eit barn i røyndomen ikkje blir sett og at ein er sosialt usynlege (Honneth, 2003, ref. I Gjertsen, 2013, s.16). Rasmussen legg til at eit barn er utrygt ved framvising av unormal oppførsel (Rasmussen, 2009). Gjertsen legg fram at fenomenologien tilseier at ein opplever eit fenomen ulikt (Gjertsen, 2013, s.62). Dette tolkast ved at eit individ har ei subjektiv tolking av ein person, noko som vil ha betydning for eit barns oppleving av usynleggjering og utryggleik. På grunnlag av informantane sine utsegn i høve desse barna, oppfattar eg at «usynlege» og utrygge barna har eit typisk åtferdsmønster. Personalet i barnehagen si subjektive oppfatning medfører ei kategorisering av desse barna, der dei behandlast ulikt.

Jamført tolkinga til informantane legg alle vekt på den typiske innagerande åtferda til «usynlege» og utrygge barn. Ein av informantane la stor vekt på dette, og omtala det slik:

«I beskrivinga ved dei usynlege og utrygge barna er eit av kjenneteikna at dei trekk seg inn i skalet sitt for å beskytte seg mot alt det skumle/det som er utanfor. Dei vil ofte ikkje bli sett. Dei vil ofte styre seg sjølv. Det er dei som står bak i køar, sitter stille i samlingar».

Ein kan kople dette saman med Ingrid Lund sin teori om dei fire dimensjonane i høve innagerande åtferd. Ho seier at denne typen åtferd er karakteristisk for dei «usynlege» og utrygge barna. Det synar seg ved usikkerheit, nevrotiske trekk og ubehag ved sosiale samanhengar (Gjertsen, 2013, ss.164-166). Gjennom dei fire dimensjonane presiserast det barns kjensler gjennom kvardagen. En annen informant reflekterte rundt dette temaet:

Eg undrar nokre gongar på om eg i ubevisste situasjonar med barna har uttrykt meg feil i form av kroppspråk, enn det som var sjølvve meininga med det. Og om dette har bidrege til deira utrygge og usynlege kjensle i ei barnegruppe».

Når informanten la dette, fram hadde vi drøfta ulike scenario som kan oppstå i barnehagen. Informanten hadde eit festa blikk, lave skuldra og ei klar stemme som snakka seint. Dette gav eit signal til meg om at informanten reflekterte rundt sine eigen arbeidsmåte som har innverknad på barnets eigen individuelle oppfatning. Noko som ein finn i teorien om dei fire dimensjonane der den personlege dimensjonen står sentralt. Barna opplever seg sjølv gjennom andre sine auge (Gjertsen, 2013, ss. 164-166).

Samstundes som informantane legg fram karakteristiske trekk ved dei «usynlege» og utrygge barna, kom det fram refleksjonar kring omtale av desse barna som «problembarn». Ein av informantane la fram: *«Orda problem og barn skal aldri slåast saman»*. Teori som er framlagt på bakgrunn av Gjertsen reflekterer rundt dette. Teorien beskriv at eit barn si oppleving av sjenanse og einsemd vil ha betydning for åtferdsproblem hjå barn i sosiale samanhengar. Ein koplår desse barna opp mot sosiale og emosjonelle utfordringar (Gjertsen, 2013, s.162). Ein annan informant forklarte dette ved: *«Det ligg alltid ei forklaring bak ein kvar reaksjon, og det er vår jobb å finne ut av dette. Eit barn vil aldri vere utfordrande med rein vilje»*. Dette blir understøtta i den åndelege dimensjonen. Barna treng vaksne som eit verktøy for rettleiing (Gjertsen, 2013, s.166)

Alle informantane var klare på kva deira subjektive meininger i høve til kva ein kategoriserer som eit «usynlege» og utrygt barn. Eit tydeleg poeng var at «usynlege» barn treng ikkje å vere utrygt, og eit utrygt barn treng ikkje å vere «usynleg». Det er ulike trekk som skil dei to kategoriane. Informantane byrja først med å karakterisere kva ulike trekk ved barna som ein omtalar som «usynlege» og utrygge. Vidare kom det fram ulike synspunkt kva gjeld deira ubevisste forhold til eigen arbeidsmåte i forhold til å kunne påverke barnet i negativ forstand. Det kom også fram ulike refleksjonar om omtalen av desse barna og deira jobb og haldningar som barnehagelærarar i ein slik samanheng.

4.2 Relasjonen

Informantane gav eit sterkt uttrykk for viktigheita rundt relasjonsbygging i barnehagen. Den framlagde teorien syner til relasjon som er eit nødvendig verktøy, samt viser den til refleksjon i høve personalets handlingar og haldningar i høve til barna (Kinge, 2015, s.18). Eit utsegn frå ein av informantane var: «*Barn treng bevisste vaksne som evnar til å sjå kvar enkelt, gje omsorg, bekrefte og løfte dei fram*». Ut i frå dette tolkar eg at informanten legg vekt på at barn treng ein reflekterande vaksen, som ser kva eit barn treng. I følge Kring vil dette føre til tankeverksemd som er med på å danne ein forståing andsynes barnets åtfærd (Kinge, 2015, ss.18-19). Ein annan informant sa:

«Tør å spør kvifor dei gjer som dei gjer.

Viss eit barn sit heilt stille og ser på dei andre ungene som gjer noko kjekt, set deg med barnet og snakk om det ein ser. Forsiktig kan ein spørje om han/ho har prøvd det nokon gong, eller om han/ho syns det ser kjekt ut.

Viss det ser ut som han/ho syns det ser skummelt ut, kan det vere lurt å sei noko slikt som «eg syns det ser litt skummelt ut når dei gjer sånn, det blir så høg lyd».

På den måten set du kanskje ord på kvifor barnet gjer som det gjer. Då er det ofte lurt å bruke seg sjølv, eller andre barn

«ein eg er tante til likar å klatre i hoppeslott fordi han er så redd for å dette ned».

Barn trur ofte dei er dei einaste som er redd for ting»

Ved dette vert det presisert at informanten praktiserer nærleiksetikken og Den Andres Ansikt. I tillegg legg informanten vekt på *den etiske forandring* i form av den individuelle ansvar i høve relasjon til andre (Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, ss.51-52). Den same informanten sa: «*Vi må få kome inn i verda til barna, slik at vi får forståelse for kvifor dei gjer som dei gjer*». Ut i frå dette tolkar eg det som at informanten er oppteken av å møte barnet på ein god måte uavhengig av utfordringar som barnet ber med seg inn i relasjonen. Teorien synar at eit barn er født med tillit til omgjevnaden og eit barn vil oppdage tillit og mistillit gjennom erfaringar. Teorien til Eidhamar og Leer-Salversen tilseier at eit barn står i eit avhengighetsforhold i høve til den vaksne. Dette er eit tydelig punkt i informantens utsegn. Informanten legg vekt på at å vere trufast gjennom relasjonsprosessen med barnet samt kvardagssituasjonar, er prega av Den Andres Ansikt som byggjer eit sterkare relasjonsforhold (Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, ss.54-55) I teorien blir det vist til at eit barn er avhengig av den vaksne sitt nærvær for å byggje relasjon (Kinge, 2015, s.20). Ein av informantane drøfta rundt dette og kom med utsegnet:

«Den vaksne har eit viktig ansvar. Vi må være trygg i oss sjølv og vår eigen faglege ståstad, jobbe fagleg med observasjon og sjå heile barnegruppa og ta tak i dei utordringane hen ser.

En må arbeide kontinuerlig med å utvikle sosial kompetanse og ikkje minst ha eit anerkjennande barnesyn»

I ein relasjon er det å bli sett ein hovudfaktor, og det blir utført ved at barn eller vaksne viser det med handling (Gjertsen, 2013, s.16). Ein av informantane trekkjer fram ansvarsfordelinga i relasjonsforholdet til barnet. Ho legg vidare fram refleksjonar kring at ein som barnehagelærer kan leggje ansvaret over på barnet. Dette stider i mot Kinge sin tilvising av den empatiske tilnærminga for relasjonsforholdet (Kinge, 2015, s.20). Teorien blir dermed belyst gjennom informantens utsegn:

«Ein kvar har eit genuint ansvar for at eit barn skal ha det bra. Vi har eit felles prosjekt om å tryggje våre barn i barnehagen, ved å dukke ned i deira følelsesmessige verden»

4.3 Tilnærming og individualitet

Informantane la vekt på tilnæringsprosessane i barnehagen i høve tilrettelegging av barehagekvardagen. Ein av informantane beskrev tilnærming ved: *«Det er ein måte for oss som jobbar med barn og unge og møte dei på»*. Ein annan informant omtala det slik: *« Det handlar om å møte barnet, men viktigast av alt handlar det om tilrettelegging ut i frå kva barn ein jobba med»*. I teoridelen blir det vist til at det sentrale ved nærleiksetikken er eg- du forholdet og det etiske ansvaret i høve Den Andres Ansikt (Eiderhamar og Leer-Salversen, 2017, s.51).

Teorien til Eiderhamar og Leer- Salversen omtalar vidare *den etiske forandring* ved at eit kvart individ har eit ansvar i møte med andre (s.51). Utsagnet til informanten over: *«...handlar om tilrettelegging ut i frå kva barn ein jobba med»* belyser denne teorien. Den tredje informanten reflekterte rundt tilnæringsprosessen ved praksisforteljing frå eiga avdeling i barnehagen:

«Vi starta eit nytt barnehage år og vi venta på mange nye ungar som skulle byrje i barnehagen hjå oss. Gruppa bestod av barn som var unike på kvar sine måtar.

Ut over barnehage året var det ein gut som trakk seg vekk frå barnegruppa og viste teikn til bekymringar. Eg som pedagogisk leiar informerte resten av personalet slik at vi hadde ein felles forståelse for barnet, situasjonen og tiltaka vi skulle setje i gong. Vi jobba målretta i fleire prosessar for å finne den individuelle tilnærminga som passar barnet best»

Informantane presiserer tilnæringsprosessen som ein måte å møte eit individ på. Ut i frå deira utsegn tolkar eg at denne prosessen er individuell og særeigen for kvart barn. Utsegna informantane la fram, gav ei tilvising om at dei jobbar ved ei anerkjennande haldning der ein er bevisst i måten ein tilnærmar seg eit barn på. Ein tilnæringsprosess bygd på individualitet gir eit barn erfaringar knytt til tillit. Refleksjonar kring dette blir vist til i teoridelen ved Eiderhamar og Leer- Salversen. Erfaringar ved tillit blir gjort ved opplevingar kring trufaste vaksne der ein byggjar relasjon noko som Kinge påpeikar (2015, s.18). Zygmunt Bauman omtalar omgrepet *Closness* (Jordan og Vetlese, 1997, ref. I Eidhamar og Leer- Salversen, 2017, s.51). Denne teorien blir belyst gjennom informantens utsegn: *«finne den individuelle tilnærminga som passar barnets beste»*. Ein må byggje relasjon for å skape god tilnærming.

En av informantane la fram: *«Å jobbe som støttande stillas er viktig»*. Å støtte eit barn er ein måte å møte dei på og gi rettleiing slik at dei finn den rette vegen. Same informant la til: *«Eit barn treng nære, trygge, stabile*

og omsorgsfulle tilsette. Vi må vere tilstades, trygge barna gjennom heile dagen på at ein er der for dei, førebu barna på overgangar». Å jobbe som støttande stilas, tolkar eg ved: *eg er her for deg*. For «usynlege» og utrygge barn er det å vise nærleik viktig jamført informantens utsegn. Informanten reflekterte vidare rundt barns eige sjølvbilete og tilsette si oppgåve i høve dette for å skape ein god barnehagekvardag. *«Barna må undersøke sitt eige sjølvbilete og få gode erfaringar som gjer at ein bli trygg. Det er vår oppgåve å hjelpe og rettleie dei på veggen»*. Det å arbeide som støttande stillas og rettleiar er viktig i arbeidet for desse barna. Eg knyt det opp mot dei tilsette sin viktig jobb i høve det Haugen skriv om sjølvoppfatning, sjølvvurdering og sjølvakseptering. Kunnskapen barn har om seg sjølv gir dei eit bilete av ein sjølv som individ i lag med andre og omverda (Haugen, 2015,s.134). Utviklinga av sjølvbiletet til eit barn er prega av den verbale tiltalen dei får av andre. Utsegnet til ein av informantane belyser dette:

«Det å gi positive tilbakemeldingar er med på å styrkje barnets kjensle ovanfor seg sjølv. Verbal ros er ein måte å jobbe på der barnet kan oppleve mestring. Ord som flink, bra, supert er med på å styrke dette. Ofte kan kroppsspråket i høve mimikk, ansiktsuttrykk, og haldning vere med på å styrkje eit barns sjølvvørnad og sjølvfølelse noko som kan bidra til at eit barn får gode opplevingar i barnehagen»

Gjertsen sin teori legg fram at «usynlege» og utrygge barn ikkje evnar til å skape positive refleksjonar kring seg sjølv, eigen åtferd og handlingar. Av den grunn vil deira refleksjonar, handlingar og respons vere negativt forankra (Gjertsen, 2013, ss.24-25).

4.4 Negativ tilnærming

Under det fysiske intervjuet begynte informanten å reflektere rundt negative måtar å tilnærme seg eit barn på. Informanten la vekt på at dette er ein måte ein ikkje ynskjer å tilnærme seg eit barn, men det finner stad i barnehagen. I denne delen av intervjuet var informanten særst engasjert og kroppsspråket viste teikn til refleksjon og engasjement. Ut i frå dette tolkar eg det som at dette var eit viktig tema for informanten, og at ho reflekterte over ulike situasjonar.

Informanten reflekterte rundt korleis «usynlege» og utrygge barn opplever dagane i barnehagen: *«For mange av dei vil eg tru at barnehagekvardagen er veldig overveldande»*. På spørsmålet om kvifor ho meina det svarar informanten: *«Fordi mange personar er samla. Mange barn, mykje leik, høge lydar og mykje som skal lærast. I tillegg er det mange barn som har ulike behov og krev sitt gjennom dagen frå dei tilsette på avdelinga*. Informanten fortel vidare:

«Eg har observert i fleire tilfelle at tilsette som jobbar med usynlege og utrygge barn får eit ubevisst dempende engasjement. Barna kan vise seg å vere vanskelege å komme inn på og dermed vil prosessen mot å skape ein relasjon bli vanskelegare. Haldningane til dei tilsette blir ubevisst negativt forankra i høve å tilnærme seg barna. Reaksjonen til barna er at dei trekk seg lenger inn i seg sjølv og blir vanskelegare å tilnærme seg»

Det blir igjen belyst at dei tilsette si haldning og handlingar stridar i mot Kinge sin tilvising om empatisk tilnærming som er viktig i barnehagen (Kinge, 2015, s.20). Tilsette setter seg ikkje inn i barnets åtferd, noko som utløysar utfordring. Barna har manglande sosial kompetanse noko som vidare går utover deira empati (Kinge, 2015, s.20). Eg tolkar dette ved at negativ tilnærming fører med seg at «usynlege» og utrygge barn kan utvikle større usikkerheit og dermed opplevast som ein større utfordring noko som vil ha innverknad på barnehagekvardagen. Refleksjonane til informantene tolkast derimot ved at ho er trygg og bevisst i si eiga rolle, det at informantene visar til kritiske tenking er med belyse Kinge (2015, ss.19-21) sitt sentrale poeng.

4.5 Tiltaksverktøy

Informantane fortalde at dei hadde fokus på tilrettelegging av tiltaksverktøy som blir sett i gang for barna. Slik det er vist til over, er dette ein måte å finne ein individuell måte å møte barn på der handlingskrafta har fokus på barnet sitt beste. Informantene fortel:

«Viktig å ikkje lage veldig mykje styr rundt dei. Eg vil passa på at der alltid er ein vaksen som kan følgje ekstra med på dette barnet, og at alle som arbeidar på avdelinga er informert og veit det same slik at alle er obs. Det kjem mykje kommunikasjon og informasjon i form av kroppspråk, blikk, unngåelse mm frå eit stille barn dersom ein observera over tid»

Ein annan informant la vekt på dette og fortsette: *«stabile tilsette, oversiktleg kvardag, førebu barna på overgangar, fortelje kva som skal skje, heile tida vise at ein er der. Samhandel med føresette om forståing av barnet. Viktig at dei også jobbar med å tryggje barnet»*. Ved spørsmålet om desse tiltaka har hatt positiv effekt, legg den eine informantene fram: *Positiv effekt, barna blir sett og tatt på alvor. Barnet føler seg ivaretatt*. Den andre informantene avslutta med:

«Det er ikkje alle barna det er like lett å komme inn på. Der er også barn som har det så vanskeleg at dei treng hjelp frå andre instansar. Med denne måten å arbeide på har vi i alle fall ein del informasjon å komme med både opp mot foreldre og andre instansar viss det trengs meir hjelp»

Ut i frå informantenes utsegn tolkar eg at tryggleik og tilknytning er to hovudføresetnader i høve til tiltak. I teoridelen synar Bowlbys at eit kvart barn er født med biologisk kapasitet i høve sine omsorgspersonar, og at barn kan utvikle kjenslemessig tilknytning til andre (Bowlbys, 1996, ref. I Haugen, 2015. s.127). Dette poenget blir belyst gjennom informantenes utsegn om stabilitet, førebuing og overgangar, noko som vidare fører med seg sjølvvørnad og tryggleik for barna. Slik det vart nemnd ovanfor, la den eine informantene fram: *«Samhandel med føresette om forståing av barnet»*. Ved dette tolkar eg at informantene legg vekt på føresette si oppfatning av barnet slik at ein har ei felles forståing og kan nytte tiltak ein er samde om.

Mary Ainsworth si undersøking om tilknytning i høve Bowlbys teori, forsterkar informantens utsegn om foreldresamarbeid. Ho legg fram barn sine reaksjonsmønster i høve omsorgspersonane som aksepterande eller avvikande, noko som i sin kraft har betydning for tryggleiken og tilknyttingen eit barn synar i barnehagen (Ainsworth, 1972, ref. I Haugen, 2015, ss.128-130). Det er føresette sitt nærvær gjennom oppveksten som er hovudfaktoren til tryggleik og tilknytning. Informantens utsegn om samhandling blir dermed eit viktig tiltak for trygging av barn i barnehagen.

Intervjuet syner til kva resultat barnehagen opplever i høve tiltak for «usynlege» og utrygge barn. Ein av informantane la følgjande svar fram:

«Alle barn har godt av slik «behandling»- eg opplev at på denne måten vert dei vaksne i barnehagen meir medvitne andre barn sine reaksjonar og veremåte også. Ein vert meir vaken for signal frå alle barn når ein skal følgje med på eit barn. Eg har fleire døme på at vi har fått barn meir trygge ved at vaksne er obs og hjelper barnet, tonar seg inn og støttar det over små kneiker»

Resultatet syner til at dei tilsette i barnehagen praktiserer tryggleikssirkelen gjennom kvardagen. Utsegnen til informanten signaliserer at barnehagen jobbar for barns tilknytning- og trykkleiks behov. Utsegnen «*vaksne er obs og hjelper barnet, tonar seg inn og støttar det over små kneiker*», bekreftar teorien om at barnets tryggleik, nærleik og omsorg er sentrale hovudfaktorar ein rettar mot dei sårbare barna (Brandzæg, et al, 2017, s.18). Eg tolkar vidare informantens utsegn: «*støttar det over små kneikar*» som sentralt. Her gir informanten ei tilvising om at det er viktig å hjelpe «usynlege» og utrygge barna rundt om i sirkelen for at dei skal skape kjensel av tryggleik, nærleik, omsorg og sjølvstendigheit, noko teorien legg fram (Brandzæg, et al, 2017, ss.18-19). Siegel sin teori om toleransevindauget blir også belyst i den hensikt at informantens utsegn gir uttrykk for barnehagelærarens påverkningskraft inn mot barnets sjølvregulering (Siegel, 2012 ref. I Kvello, 2018, s.303)

Gjennom informantens utsegn tolkar eg at tiltaksverktøy er nødvendig for å skape ein tilrettelagt kvardag for «usynlege» og utrygge barn. Eg tolkar og at dei har ein felles bevisstheit for å skape ein betre barnehagekvardag der deira tiltak er forankra i teori og erfaringar.

5.0 Avslutning

I denne Bacheloroppgåva har eg undersøkt gjennom kvalitativ metode samt presentert og belyst tematikken «usynlege» og utrygge barn. Gjennom oppgåva har eg fått auka kompetanse og breiare innsikt rundt dette. Ut i frå dei tre informantane frå barnehagefeltet har eg fått større forståing for jobben dei utfører i barnehagen. Dette er noko eg vil leggje fram gjennom konklusjon og avslutning. Eg vil også minne om problemstillinga for oppgåva:

«Korleis kan ein barnehagelærer arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje

tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen»

Oppgåva syner korleis dei tilsette i barnehagen arbeider for å skape ein god kvardag for dei «usynlege» og utrygg barna. Det har blitt vist til variasjon for korleis dette blir utført i høve tenkeverksemd, arbeidsmetodar og utføring. Tiltaka syner til likskap, der dei fokuserer på tilrettelegging, tryggleik og det å vere tilstades. Dette viser å ha god effekt for dei «usynlege» og uttrygge barna sin oppleving av kvardag i barnehagen.

Formålet med denne oppgåva var å undersøke tilrettelegging av ein god barnehagekvardag for «usynlege» og utrygge barn. Ved forklaring av omgrepa «usynlege» og utrygg blei det vist til ein felles forståing av omtalen. Eg vil på bakgrunn av teorien argumentere med at det er opp til enkelt individet korleis ein opplever eit fenomen. Korleis ein opplever eit barn vil av den grunn vere personlig forankra. Teorien syner til at dette stammar frå menneskets sosiale, materielle og kulturelle bakgrunn (Gjertsen, 2012, s.62). Det vil av den grunn ikkje vere eit konkret fasitsvar. Eit av hovudpoenga som kom fram var at: eit usynleg barn treng ikkje å vere utrygt og utrygge barn treng ikkje vere usynlege. Det kom fram at det er ulike kjenneteikn knytt til dei to omgrepa. Samstundes viser funna til eit fellestrekk der dei «usynlege» og utrygge barna kjem i skuggen av andre.

Problemstillinga tar for seg korleis ein kan møte «usynlege» og utrygge barn for å skape ein betre kvardag. Informasjon lagt fram av informantane viser at dei utvalde barnehagane jobbar på ulike måtar, men det visar samstundes likskap. Funna gir ei tilvising om at «usynlege» og utrygge barn kjem i skuggen av andre. Dette blir tydeleg gjennom felles aktivitetar som samling og kvardagssituasjonar der dei trekk seg inn i sitt eige skal. Eit sentralt funn viser at relasjonen spelar ei sentral rolle og vil ha betydning for korleis ein barnehagelærar oppfatar eit barn. Informantane appellerte til nærleiksetikken, der funna syner til bruk av Den Andres Ansikt som hovudfaktor. Samtidig la informantane vekt på at det å bruke tid på å bekrefte at eit barn er sett gjennom handling og vere bevisst er ei sentral oppgåve retta mot opplevinga av barnehagekvardagen til dei «usynlege» og utrygge barna.

Eit felles funn som syner seg frå alle informantane var tilrettelegging ut i frå det individuelle barnet. Det å leggje vekt på eg- du forholdet og *den etiske forandring* i den forstand at alle har eit ansvar i møte med andre, var eit hovudpoeng frå informantane. Det kjem fram at barnehagen legg vekt på å jobbe som støttande stilas når eit barn har behov for det. Det å gi nærleik og rettleie barnet viser seg å vere ein utslagsfaktor for opplevinga av å vere i barnehagen. Informantane trekkjer fram deira oppgåve om å tyggje barna i eigen kropp som eit sentral punkt der positive tilbakemeldingar har ei viktig rolle for barnehagekvardagen.

Funna viser til at nokon av informantane brukte kritisk refleksjon i høve seg sjølv og deira arbeidsdag i barnehagen. Det blir vist til at refleksjon gir innsikt i eigen arbeidsmåte. Dette tykkjest å ha påverknadskraft i høve nye måtar å handtere utfordringar på, noko som er viktig i jobben inn mot dei sårbare barna. Barnehagelærarane la fram ulike tiltaks måtar å møte dei «usynlege» og utrygge barna på i barnehagen. Eit sentralt funn er samarbeid med føresette i den hensikt å skape semje om gode tiltak for barna sine kvardag.

Hovudfunnet viser til at dei legg stor vekt på deira eigen rolle som vaksen. Det å vere ein trygg vaksen, stabil og alltid vere tilstades synest å vere det aller viktigaste for informantane i høve desse barna. Funna viser til at dette har hatt god effekt på dei sårbare barna, noko som fører med seg tryggleik i barnehagekvardagen.

Litteraturliste:

Abuert, W. (1985): *Det skjulte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget

Ainsworth, M.D.S. mfl. (1972): Individual differences in strange- situation behavior of one- year- olds.

I H.R. Schaffer (red.), *The organization of human social relations*. London: Academic Press.

Bowlby, J. (1969): *Attachment and loss*, Bind I Attachment. New York: Penguin

Brandtzæg, I., Torsteinson, S. Og Øiestad, G. (2017): *Se barnet innenfra*. Oslo: Kommuneforlaget

Dalland, O. (2017): *Metode for oppgaveskriving* (6.utg). Oslo: Gyldendal

Dalland, O. (2020): *Metode for oppgaveskriving* (7. utg.). Oslo: Gyldendal

Eidhamar, L. V. Og Leer- Salverson, P. (2017): *Nesten som dei selv barn og etikk*. (5 utg).

Oslo: Cappelen Damm AS

Foldnes, V. S., Grimsæth, G., og Irgan, T: (2018.12.19). Pedagogisk handlingskompetanse i møte med

utfordrende atferd. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 102, ss. 312- 324. Henta frå: https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/file/pdf/67101814/pedagogisk_handlingskompetanse_i_moete_med_utfordrende_atferd.pdf

Gjertsen, P. Å. (2013): *De usynlige barna*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS

Haugen, R. (2015): *Barns utvikling i barnehagealder en utviklingspsykologisk innføring*. Oslo:

Cappelen Damm AS

Honneth, Axel. (2003): *Erkännande*. Praktisk- filosofiska studier. Göteborg: Daidalos

Jodalen, Harald og Vetlesen, Arne Johan: *Closeness- An Ethics*. Scandinavian University

Press, Oslo 1997

Kinge, E. (2015): *Utfordrende atferd i barnehagen*. Oslo: Gyldendal

Kunnskapsdepartementet. (2011): *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*.

F-4205 B. Oslo: Kunnskapsdepartementet (KD)

Kunnskapsdepartementet. (2018): *Rammeplan for barnehagen innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex

Kvello, Ø. (2018): *Barn i risiko skadelige omsorgssituasjoner* (2. utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Lund, I. (2012): *Det stille atferdsproblemet*. Bergen: Fagbokforlaget

Mead, G. H. (1934): *Mind, self, and society*. Chicago: Chicago University Press

Mead, G. H. (2005): *Sindet, selvet og samfundet*. København: Akademisk Forlag.

Mørland, B. (2014): Å bli sett. I P. Sjøvik (red) (2014): *En barnehage for alle spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen* (3.utg) (s. 81-99) Oslo: Universitetsforlaget

Postholm, M. B. (2004): Kvalitativ forskning på praksis: Fra opprinnelse til forskerfokus. *Norsk pedagogisk Tidsskrift*, 88, s. 2-18

Postholm, M.B. (2005.07.11): Observasjon som redskap i kvalitativ forskning på praksis. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 89, ss. 146-158. Henta frå: https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/file/pdf/33193949/observasjon_som_redskap_i_kvalitativ_forskning_pa_praksis.pdf

Rasmussen, K. (2009): De fleste barn trives i barnehagen, men noen gjør det ikke. *Barnehageforum*. Henta frå: <https://www.barnehageforum.no/artikkel.asp?artikkelid=1296>

Rogers, C. R. (1959): A theory og therapy, personality and interpersonal relations, as developed in the client- centered framework. I. S. Koch (red), *Psychology: a study of science*. New Yourk: McGraw- Hill

Siegel, D. J. (2012): *Developing mind* (2 utg.). New Yourk: Guildford

Ytterhus, B. (2002): *Sosialt samvær mellom barn. Inklusjon og eksklusjon i barnehagen*. Oslo: Abstrakt Forlag.

Vedlegg 1: Informasjon om deltaking i høve Bacheloroppgåve

Formål:

Problemstillinga for denne bacheloroppgåve lyder som følger: «*Korleis kan ein barnehagelærer arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?*». Ut i frå dette ynskjer eg å undersøke korleis ein utførar dette i praksis i barnehagen. Eg har valt denne problemstillinga i høve til ulike observasjonar som er gjort medan eg har vert ute i praksis. Samt eiga interesse innanfor fagfeltet spesialpedagogikk.

Frivillig:

Det er frivillig å delta på undersøkinga og innsamling av data. Ein kan når som helst trekke seg utan at dette vil ha ein konsekvens, samt at ein ikkje treng ein grunn for å trekke seg frå undersøkinga. Vel ein å trekke seg vil all informasjon makulerast. Ein vil vere anonym gjennom heile prosessen.

Kva inneber det å delta:

Deltaking for bacheloroppgåve inneber eit individuelt intervju for kvar deltakar. Dette Intervjuet kan ha ein varigheit på opptil 45 minuttar. Vi skal ta for oss problemstillinga som tilhøyrar oppgåve: «*Korleis kan ein barnehagelærer arbeide med dei usynlege og utrygge barna for å leggje tilrette for ein betre kvardag for desse barna i barnehagen?*» Samstundes skal vi ta for oss ulike spørsmål knytt opp til dette temaet. På grunnlag av cornasituasjonen kan intervjuet bli gjennomført gjennom Skype, zoom, telefon eller e-post. Det vert også gjort lydopptak under intervjuet. Dette vil bli sletta og ein følgjer NSD sine retningslinjer i høve bacheloroppgåva.

Personvern:

Informasjon som kjem fram om deltakaren vil holdast anonymt gjennom prosessen og etter prosessen er ferdig. Studenten har teieplikt i høve til dette. Deltakinga i høve til personale og barnehagen vil ikkje vere gjennkjennelige gjennom prosessen.

Kven er ansvarlig for oppgåve:

Høgskulen på Vestlandet, fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Kva kan eg finne ut meir informasjon?

Student: Ingeborg vik

Tlf: 90556078

E-post: ingeborgvik99@gmail.com

Rettleiar: Dag Skram

Tlf: 57676020

E- post: dag.skramhvl.no

Vedlegg 2: Intervjuguide

Arbeidserfaring:

- Kva utdanning har du?
- Kvifor valte du denne utdanninga?
 - Er det noko eller nokon som har påverka valte ditt om utdanning?
- Har du vidareutdanning/ evt. kva?
- Kva aldersgruppe har du jobba med? og kva aldersgruppe jobba du med no?
- Føler du at jobben du gjør er viktig? /kvifor?
- Kva syns du om å jobbe i barnehagen?

Usynlege og utrygge barn:

- Kva legg du i beskrivinga «usynlege og utrygge barn» og kvifor blir dei kategorisert slik?
 - Opplev dykk mange barn i barnehagen som usynlige og utrygge?
 - Kvifor blir ofte utrygge barn beskrivne som «problembarn»?
 - Er det riktig å kalle desse barna «problembarn»?
 - Har de nokon eksempel på usynlege og utrygge barn?

Å arbeide med usynlege og utrygge barn:

- Kva vil du beskrive som den viktigaste faktoren innanfor arbeidet med slike barn?
 - Kvifor på denne måten?
- Kva for tiltak meina du er viktig å setje i gong for desse barna?
 - Har desse tiltaka hatt positiv eller negativ effekt?/ kvifor?
 - Korleis har barnegruppa reagert på desse tiltaka?
- Har de opplevd at tiltaka som blei satt i gang, har vert positivt for utviklinga til eit barn?/ evt. kva tiltak var dette?

Barnhagekvardagen:

- Korleis oppleve desse barna kvardagen i barnehagen?
 - Kvifor trur de at dei opplev barnehagen på denne måten?
- Kva for viktige eigenskapar bør ein barnehagelærer ha for å skape ein betre relasjon og kvardag til desse barna, slik at dei kan bli trygga og sett?
- Korleis vil dykk beskrive ein perfekt barnhagekvardag?
 - Er det noko personleg du kan gjere for å forbetre kvardagen til barn som er usynlege eller utrygge?